

Det Kongelige Norske Videnskabers Selskabs pris til yngre forskarar innan humaniora, finansiert av I. K. Lykkes fond, er tildelt Thomas Hegghammer

Thomas Hegghammer er fødd 1977 i Narvik og oppvaksen der. Hegghammer har sin matrikulasjonseksamen frå Frankrike og har bachelor og mastergrad i Oriental og Middle Eastern Studies frå Oxford University. Han har sin doktorgrad (PhD) frå Institut d'Études Politiques i Paris 2007.

Thomas Hegghammer er historikar og statsvitar med valdeleg islamisme som spesialfelt. Han er mest kjend internasjonalt for si forskning på radikal islamisme i Saudi-Arabia. Boka hans *Jihad in Saudi Arabia* (Cambridge University Press, 2010) presenterer såleis unik ny empiri frå omfattande feltarbeid i det lukka landet. Det sentrale poenget i boka, at saudisk jihadisme har vore meir pan-islamsk enn revolusjonær, har medverka til å løysa eit viktig uavklara spørsmål, nemleg kvifor Saudi-Arabia lenge hadde så mange militante og så lite intern vald.

Ei anna hovudinteresse i Hegghammer si forskning har vore radikal islamistisk ideologi. Gjennom fleire år har han samla og analysert jihadistpropaganda og publisert studiar som har bidrege både empirisk, metodologisk og teoretisk til den vitskaplege litteraturen om temaet. Den typologien han har gjort over idealtypar islamisme, typologi som set politikk over teologi, kan seiast å ha verka til ei mindre kulturel relativistisk tilnærming til fenomenet militant islamisme.

I den seinare tid har Hegghammer forska på såkalla fremmendkrigarar, det vil seia muslimar som reiser utanlands for å slåst i andre muslimars krigar, men utan å driva internasjonal terrorisme. Den konseptualisering og synleggjering han har gjort av fremmendkrigarar som aktørkategori, har verka til ei meir nyansert forståing av transnasjonal valdeleg aktivisme. Det at dei fleste internasjonale terroristar startar som fremmendkrigarar, men at ikkje alle fremmendkrigarar blir internasjonale terroristar, har, slik Hegghammer påviser, potensielt store implikasjonar for antiterrorverksemd og -lovgiving. I tillegg til boka om Jihad i Saudi-Arabia har Hegghammer allereie ei rad internasjonale publikasjonar på tunge og prestisjefylte forlag som Cambridge University Press, Harvard University Press og Presses Universitaires de France, i fagtidsskrift og har elles hatt innlegg på ei rad internasjonale konferansar, utan at det kan gåast i detalj om dét her.

Thomas Hegghammer er nå i starten av eit lovande forskingsprosjekt om organisasjonskultur i terrorgrupper. Prosjektet undersøker mellom anna rituale og musikk i militante islamistrørsler, eit til no utforska tema som kan verka til å auka vår innsikt i rekrutterings- og kontrollmekanismer i ekstremistmiljø. DKNVS ønskjer lukke til med vidare forskning.

Prisen var en sjekk på kr 50.000,- samt diplom og litografi

11. mars 2011